

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Radøy kommune

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3862 - 19/31211

Saksbehandlar:  
Grethe Elin Mjelde  
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:  
21.10.2019

## AUSTEBYGD BARNEHAGE - TILSYNSRAPPORT 2019

Den 21.10.19 gjennomførte Miljøretta helsevern eit tilsyn etter "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v." ved Austebygd barnehage. Internkontrollsystemet, inneareal og uteareal vart inspisert.

På tilsynet møtte:

Vigdis Villanger (styrar) og Grethe Elin Mjelde (teknisk-hygienisk ingeniør v/miljøretta helsevern).

### ➤ **Heimel**

**Folkehelseloven, kap. 3** og **Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.** samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifta "Miljø og helse i barnehagen" (IS-2072).

### Avvik/merknad:

#### Definisjonar:

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsett i lov eller forskrift med heimel i lov.

**Merknad:** Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

### ➤ **Historikk**

Austebygd barnehage vart godkjent etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» i 2002 med fornying av godkjenninga i 2007. Tilsyn etter forskrifta har vore utført i 2007, 2012 og 2015.

Barnehagen har eit leike- og opphaldsarealet på 115 m<sup>2</sup>. Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m<sup>2</sup> for barn over 3 år og 5,3 m<sup>2</sup> for barn under 3 år.

## ➤ Tilsyn

Barnehagen har internkontrollsystem, som tek i vare krav i forskrifta.

«Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» er under revisjon, og styrar vil utføre systemrevisjon av IK når revidert forskrift føreligg.

Barnehagen har pr. d.d. 24 barn, der 17 barn er over 3 år og 7 barn er under 3 år. Til denne barnegruppa treng barnehagen 105 m<sup>2</sup> leike- og opphaldsareal. Barnehagen har tilfredsstillande leike- og opphaldsareal.

Barnehagen held på med utviding av garderoben slik at det vert grov- og fingarderobe. Fingarderobe kan inngå i leike- og opphaldsareal dersom denne vert lagt til rette med bl.a. tilgang på dagslys. Ved mangel på dagslys bør fingarderobe berre nyttast til korte samlingar.

Barnehagen har planar om å byggje eit vognskur. Dersom vognskur skal nyttast til soving, må ein fylgje krava til «rom for varig opphald» i byggteknisk forskrift (TEK17 § 1-3), men krava kan tilpassast bruken. «Tilpassa bruk» betyr at soveskuret må fylgje de krav som er relevante, som krav til brannsikkerheit og inneklima, men at soveskur ikkje nødvendigvis treng isolasjon og balansert ventilasjon.

Barnehagen har gode soverutinar, der ein person er tilstade i rommet og har tilsyn når barna søv.

### Avvik/merknad

Det vart ikkje funne avvik eller påpeikt merknader på tilsynet.

## ➤ Konklusjon

Det vart ikkje avdekt avvik i høve til «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.»

Med helsing

Tord Lappen Moltumyr  
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Link:

[Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.](#)

[Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler](#)

### Kopi til:

Einar Færø  
Jarle Landås  
Olaf Michal Hella  
Radøy kommune  
Vigdis Villanger